

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 28.03.2023 i Torvmyrane 29.

Møtet tok til kl. 15.00.

Møtet slutt kl. 17.45

Desse møtte:

- Hallvard Bjørneset
- Anne Ellingsen
- Henriette Hafsaas
- Ove Myklebust
- Jon Helge Bjørndal
- Jan Henning Egset (leiar i Repr.skapet, har møte- og talerett)

Halldis Moltu frå Søre SunnmøreKommunerevisjon IKS deltok i sak 10-23

Dagleg leiar Hans Peter Eidseflot førte møteboka.

Hallvard Bjørneset leia møtet.

Det var ingen merknader til innkallinga. Saklista vart godkjend med tillegg av ny sak 6 og ny sak 7. Det var ingen referatsaker til dette møtet. Rekkefølga på saklista vart noko justert ved at sak 5 vart teken som første sak, og at sakene 2 og 7 vart tekne til slutt.

Sak 09-23 Dagleg leiar sin rapport

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret tek dagleg leiar sin rapport til orientering.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Dagleg leiar orienterte om:

- status i drifta
- driftsutfordringar knytt til det nye anlegget på Melsgjerdet
- status for organisasjonen iht fråvere, tilsettingar mv
- økonomistatus
- utgreiing av ombruk
- biogass status

Sak 10-23 Årsrapport 2022, inkludert årsmelding og rekneskap

Vedtak: (5 røysteføre):

1. Styret rår representantskapet til å gjere slikt vedtak:
Representantskapet godkjenner årsrapport for VØR for 2022 med dei endringane som kom fram i møtet.

Handsaminga:

Halldis Moltu frå Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS orienterte om revisjonsprosessen, tilhøvet til monopol vs næring og andre relevante emne kring årsoppgjeret.

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 11-23 Referatsaker

Vedtak: (5 røysteføre)

Styret tek referatsakene til vitende.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga. Dagleg leiar orienterte.

Følgande referatsaker vart framlagde:

- Aksjeoppgåve for 2022
- Revisjonsrapport frå Plastretur 1.mars 2023
- Avtale med Geminor vedkomande leveranse av mix papir.
 - o *MERK: Unnateke offentlegheit, jf. Offentleglova §23.*

Sak 12-23 Godkjenning av møtebok


Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 28.03.23 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


Hovdebygda 28.03.23




Hallvard Bjørneset
Leiar



Henriette Hafsaas



Ove Myklebust



Anne Ellingsen
Nestleiar



Jon Helge Bjørndal



Hans Peter Eidseflot
referent